

FNs berekraftsmål

som rammeverk for kommunal planlegging



Prioritering av FNs berekraftsmål
for Time kommune.

Vedteke av Time kommunestyre 16. februar 2021.



Time kommune

Innhald


Innleiing.....	3
1. Utrydda fattigdom	4
2. Utrydda svolt	5
3. God helse og livskvalitet.....	6
4. God utdanning	7
5. Likestilling mellom kjønna	8
6. Reint vatn og gode sanitærforhold	9
7. Rein energi til alle.....	10
8. Anstendig arbeid og økonomisk vekst.	11
9. Industri, innovasjon og infrastruktur	12
10. Mindre ulikskap i og mellom land	13
11. Berekraftige byar og lokalsamfunn	14
12. Ansvarleg forbruk og produksjon.....	15
13. Stoppa klimaendringane.....	16
14. Livet i havet.....	17
15. Livet på land.....	18
16. Fred og rettferd.....	19
17. Samarbeid for å nå måla	20
Oppsummering.....	21

Innleiing

Gjennom «Nasjonale forventninger til regional og lokal planlegging 2019-2023» gjev regjeringa tydelege føringar for at kommunane skal leggja FN sine berekraftmål til grunn for samfunns- og arealplanlegginga.

Planstrategi 2019-2023 for Time kommune legg til grunn at det skal vera ei prioritering av dei mest relevante berekraftmåla i arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel.

Dette dokumentet vil gjera greie for prosessen som er gjennomført knytt til prioritering av dei aktuelle berekraftmåla. Desse skal ligga til grunn for utforming av revidert samfunnsdel 2022-2034. Temaplanar og strategiar vil ta utgangspunkt i dei prioriterte måla og konkretisera dei og aktualisera dei for dei ulike tenestene i Time kommune. Dette vil danna grunnlag for tiltak i økonomiplanen.



Kommunen
retning til u
bidreg til a
vert tilpass
FN sine be
samfunnsd
arealplanar
tiltak i øko
vil Time ko
berekraftm
for samfun
kommunen

Innspel til prioriteringsarbeidet

I arbeidet med å prioritera dei mest relevante berekraftmål har me utfordra barn og unge via Ungdomsrådet og Møllekjellaren. Dei tre berekraftmåla som fekk høgast prioritert er nr. 3 God helse, nr. 4 God utdanning og nr. 8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst. Ungdommane har og vore opptekne av klima, og har ulike prioriteringar knytt til dette. Det var berekraftmål nr. 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn og nr. 13 Stoppe klimaendringane som fekk høgast prioritet.

Leiarar på ulike nivå og hovudtillitsvalde har prioritert dei fem viktigaste berekraftmåla. Dei fem som fekk høgast prioritet var nr. 3 God helse, nr. 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn, nr. 4 God utdanning, nr. 17 Samarbeid for å nå måla og nr. 8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst. Når det gjeld klima, så er det nr. 13 Stoppe klimaendringane som skårer høgast.

Planstrategi for Time kommune 2019-2023 viser kommunen sitt planbehov i perioden. Det er vist til aktuelle berekraftmål under omtalen av dei ulike planbehova.

Time har gjort ei prioritering av berekraftmåla som har størst relevans for kommunen. Måla skal gjevast særskilt merksemd. Dei andre måla skal tas med i planar og tiltak der det passer.

Kort vurdering av berekraftmåla

1. Utrydda fattigdom



Nasjonale forventningar til planlegging:

«Kommunane planlegg aktivt for å motverka og førebyggja levekårsutfordringar og medverkar til sosial utjamning av sosiale forskjellar. Kommunane legg universell utforming til grunn i planlegginga av omgjevnadar og busetnad og sikrar omsynet til folkehelse i planlegginga.

Kommunane tek hand om interessene til barn – og unge gjennom ei samfunns- og arealplanlegging som skaper trygge, attraktive og aktivitetsframjande by-og bumiljø»

FNs berekraftmål 1: «Utrydda alle former for fattigdom i heile verda»

Kommunen sitt ansvar og verkemiddel

Kommunen bør leggja til rette for at alle skal ha same moglegheiter til å lukkast gjennom mellom anna fritidsaktivitetar, utdanning og arbeid.

Oppvekst og fattigdom i Norge handlar om at barn og unge har færre valmoglegheiter enn andre barn og unge, blant anna gjennom å ikkje ha same moglegheitene til å delta i fritidsaktivitetar med andre barn i lokalsamfunnet.

Vurdering

Time har stort fokus på barnefattigdom, og det er ei rekke tiltak som er sette i verk for å redusera konsekvensane av barnefattigdom. Økonomiplan og årsrapport viser konkrete tiltak som er sette i verk.

Det viktigaste verkemiddel for å redusera barnefattigdom er at føresette som ikkje er ein del av arbeidslivet, kjem ut i jobb. Det vert vurdert at berekraftmål nr. 1 i hovudsak er dekt gjennom fokus på berekraftmåla *god helse og livskvalitet, god utdanning og anstendig arbeid og økonomisk vekst*.

Målet vert ikkje prioritert som eige innsatsområde.

2. Utrydda svolt



Nasjonale forventningar til planlegging

«Fylkeskommunen og kommunane legg til rette for meir verdiskaping og nye grøne næringar innafor jord - og skogbruk.

Fylkeskommunane og kommunane sikrar viktige jordbruksområde og kulturlandskap i landbruket gjennom langsiktige utbyggingsgrenser.

Utbyggingsløysingar om kan redusera nedbygging av dyrka mark, skal vurderast i samsvar med det nasjonale jordvernmålet.

Kommunane planlegg aktivt for å motverka og førebyggja levekårsutfordringar og motverkar til utjamning av sosiale forskjellar.

FNs berekraftmål 2: »Utrydda svolt, oppnå mattryggleik og betre ernæring, og fremja berekraftig landbruk»

Kommunen sitt ansvar og verkemiddel

Kommunen gjev rettleiing og kosthaldsråd gjennom helsestasjon og skulehelsetenesta. Kommunane har gjennom barnehagar, skular, kultur- og fritidsaktivitetar moglegheit til å bidra til god helse og livskvalitet for innbyggerane. Å sikra berekraftig matproduksjon til eit aukande innbyggartal i Norge er eit felles ansvar som kommunen tek del i.

Vurdering

Dei naturlege føresetnadane gjer at kommunen er svært viktig for å sikra matproduksjon etter nasjonal målsetting og i samsvar med dei nasjonale og regionale jordvernmåla. Kommunen har sett langsiktig grense for landbruk i kommuneplanen. Dette berekraftmålet vert i hovudsak dekt gjennom fokus på berekraftmåla *god helse og livskvalitet og livet på land*.

Målet vert ikkje prioritert som eige fokusområde.

3. God helse og livskvalitet



Nasjonale forventningar til planlegging

«Kommunane planlegg aktivt for å motverka og førebyggja levekårsutfordringar og medverkar til utjamning av sosiale forskjellar.

Kommunar og fylkeskommunar har ei aktiv og heilskapleg tilnærming til utvikling av aldersvennlege kommunar og fylke.

Kommunane sikrar aktivt gode vilkår for god psykisk og fysisk helse i planlegging.

Kommunar sikrar trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø, frie for skadeleg støy og luftforureining.»

FNs berekraftmål 3: «Sikra god helse og fremja livskvalitet for alle, uansett alder»

Kommunen sitt ansvar og verkemiddel

Kommunane har ansvar for å syta for forsvarlege helsetenester til alle som treng det, uavhengig av alder eller helsesituasjon. Kommunen har gjennom barnehagar, skular, kultur- og fritidstilbod moglegheita til å bidra til god helse og livskvalitet for innbyggjarane, og utjamna forskjellar i helsetilstand som kan forklarast med sosial og økonomisk ulikskap.

Vurdering

Å sikra og tilby innbyggjarane trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø er ei av kommunen sine kjerneoppgåver. Eitt av fem prioriterte område i folkehelsearbeidet er psykisk helse barn og unge. God helse og livskvalitet er blant topp tre hos ungdommane som har gjeve innspel. Det same målet er prioritert på topp av dei kommunale leiarane. Planstrategi 2019-2023 viser til fleire planbehov innan oppvekst, helse og levekår som kan knyttast til berekraftmål nr 3.

Målet vert prioritert og inngår som eit fokusområde i revidert samfunnsdel.

4. God utdanning



Nasjonale forventningar til planlegging

«Vegen til å delta i utdanning og arbeidsliv går svært ofte gjennom frivillig verksemd og opplevingar gjennom felles aktivitetar i lokalmiljøet. Breid deltaking er eit middel for å sikra tillit, fellesskap, beredskap, likestilling, kompetanse og velferd i lokalsamfunnet. Det er viktig at kommunane legg til rette for dette»

Regjeringa er oppteken av at kommunane utviklar gode verkemiddel for å sikra at alle vert inkluderte i skule, arbeids- og samfunnsliv.

God inkludering på sentrale livsarenaar

bidreg til å oppretthalda eit samfunn med små forskjellar, høg tillit og god livskvalitet.

FNs berekraftmål 4: «Sikra inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremja moglegheiter for livslang læring for alle»

Kommunen sitt ansvar og verkemiddel

Det er kommunen sitt ansvar å drifla barnehagar og grunnskular. Alle barn og unge skal ha eit trygt barnehage- og skulemiljø som fremjar trivsel og læring. Utdanningsarena som barnehagar, skular, vidaregåande skular og universitet/høgskular er nokre av dei viktigaste faktorane som bidreg til utjamning av sosiale forskjellar i befolkninga.

Vurdering

Å tilby innbyggjarane utdanning er ei av kjerneoppgåvene til kommunen. Å hindra fråfall i vidaregåande opplæring er eit satsingsområde i heile oppvekstsektoren, og eit prioritert folkehelseiltak. Barnehage- og skuleområde har eit stort fokus på inkludering og læring. God utdanning er eit prioritert berekraftmål hos ungdommane som har gjeve innspel. Det same gjeld leiarar i kommunen. Planstrategi 2019-2023 viser til fleire planbehov innan oppvekst og levkår som kan knyttast til berekraft mål 4.

Målet vert prioritert og inngår som eit fokusområde i revidert samfunnsdel.

5. Likestilling mellom kjønna



Nasjonale forventningar til planlegging

«Regjeringa er oppteken av at kommunane utviklar gode verkemiddel for å sikra at alle blir inkluderte i skule, arbeids- og samfunnsliv. God inkludering på sentrale livsarenaer bidreg til å oppretthalda eit samfunn med små forskjellar, høg tillit og god livskvalitet. Kulturlivet og andre former for fritidsaktivitetar er viktige arenaer for kvardagsintegrering og fellesskap basert på mangfald, likestilling, ytringsfridom og toleranse.

Breid deltaking er eit middel for å sikra tillit, fellesskap, beredskap, likestilling, kompetanse og velferd i lokalsamfunnet.

Det er viktig at lokalsamfunnet legg til rette for dette».

FNs berekraftmå 5: «Oppnå likestilling og styrka jenter og kvinner si stilling»

Kommunen sitt ansvar og verkemiddel

I Norge er likestilling mellom menn og kvinner ein viktig samfunnsverdi. Gutar og jenter, kvinner og menn, har like evner og skal ha like moglegheiter til å delta i samfunnet. I Norge er kjønnslikestilling sentralt innan tema som arbeid, utdanning, inntekt og leing. Som eit verktøy kan kommunen integrera kjønnspektivet i dei overordna styringsdokumenta sine.

Vurdering

I Norge vert likestilling mellom kjønna regulert av likestillings- og diskrimineringlova. Det er viktig at kommunen tek ansvar og jobber målretta for likestilling på alle område. Time har eigen «Handlingsplan for likestilling, inkludering og mangfald». Likestilling og arbeid med å oppnå ein jamn fordeling av menn og kvinner på ein arbeidsplass er ein del av rekrutteringspolitikken i kommunen. Dette berekraftmålet vert i hovudsak dekkja av *god helse og livskvaliet og god utdanning*.

Målet vert ikkje prioritert som eige fokusområde.

6. Reint vatn og gode sanitærforhold



Nasjonale forventningar til planlegging

«Fylkeskommunane og kommunane tek omsyn til og beskytter drikkevasskjelder i planlegginga, slik at ein reduserer behovet for reinsing ved produksjon av drikkevatt»

FNs berekraftmål 6: »Sikra berekraftig vassforvaltning og tilgang til vatn og gode sanitærforhold for alle.»

Kommunen sitt ansvar og verkemiddel

Kommunen har eit overordna ansvar for at dei sanitære forholda i kommunen er tilfredsstillande. Kommunen har ansvar for å sikra innbyggjarane reint drikkevatt.

Det er og eit kommunalt ansvar å førebygga sjukdom relatert til forureining av luft, vatn og jord. Kommunen har myndigheit på fleire område som påverkar vassmiljøet og vasskvaliteten. Aktuelle område er avløp, landbruk, vassforsyning, forureining og arealplanlegging.

Vurdering

Kommunen har ei trygg og stabil drikkevassforsyning med god kvalitet. Dette målet vert dekt gjennom fokus på *god helse og livskvalitet, berekraftige byar og samfunn og livet på land*.

Målet vert ikkje prioritert som eige fokusområde.

7. Rein energi til alle



Nasjonale forventningar til planlegging

«Fylkeskommunane og kommunane legg vekt på arbeidet med å redusera utslepp av klimagassar, inkludert utslepp frå arealbruksendringar, meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging. Oppdatert kunnskap om forventa klimaendringar og konsekvensar skal brukast i planlegginga.

Regjeringa har utarbeidd nye krav som skal bidra til meir energieffektive og klimavennlege bygg.»

FNs berekraftmål 7:»Sikra tilgang til berekraftig energi som alle kan ha råd til .»

Kommunen sitt ansvar og verkemiddel

I Norge er det ikkje mangel på energi, men delmåla om auka energieffektivisering og auka mengda fornybar energi er svært relevante.

Kommunen har ei rekke verkemiddel som er viktige for energieffektivisering og omlegging til fornybar energi. Særleg gjennom arealplanlegginga kan kommunen påverka energibruken i transportsektoren. Andre viktige verkemiddel er krav i innkjøp, energiomlegging og effektivisering i eigne bygg og eigedom, bruk av el-bil som tenestebilar, samarbeid med energiselskap og andre næringsaktørar.

Vurdering

Kommunen har i mange år jobba med å redusera energiforbruket i kommunale bygg. Det er installert ny teknologi i fleire bygg og ventilasjonsanlegg er fornya for å vert meir energieffektive.

Ungdommane som har medverka i prioriteringsarbeidet har vore opptekne av fleire av berekraftmåla knytt til miljø, klima og energi. Desse heng saman og samla kan ein seia at dei vert dekkja av *stoppe klimaendringane og livet på land*.

Målet vert ikkje prioritert som eige fokusområde.

8. Anstendig arbeid og økonomisk vekst.



Nasjonale forventningar til planlegging

«Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for verdiskaping og næringsutvikling i alle delar av landet og mobiliserer og utviklar bedrifter og næringsmiljø til å hevda seg nasjonalt og internasjonalt.

Fylkeskommunane og kommunane stimulerer til grøn omstilling, innovasjon, vekst i nye arbeidsplassar og eit inkluderande arbeidsliv og set av tilstrekkeleg areal som sikrar behova til samfunnet.

Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for meir verdiskaping og nye grønne næringar innafor jord- og

skogbruk»

FNs berekraftmål 8: «Fremja varig, inkluderande og berekraftig vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle»

Kommunen sitt ansvar og verkemiddel

Kommunen må leggja til rette for eit variert næringsliv med arbeidsplassar som sysselset befolkninga og der endå fleire kjem i arbeid. Kommunen må leggaa til rette for etablering og vidareføring av verksemder og arbeidsplassar.

Kommunen kan, gjennom å ha fokus på miljø, berekraft og sirkulærøkonomi, bidra til grønne og framtidsretta arbeidsplassar og næringar.

Vurdering

Kommunen kan fungera som pådrivar og tilretteleggjar for å nå målet om varig, inkluderande og berekraftig vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle. Time kommune har, som mange andre kommunar, relativt mange unge i aldersgruppa 20-29 år som mottek ulike typar stønad frå NAV. Ungdommar som har medverka i prioriteringsarbeidet har prioritert dette berekraftmålet høgt. Det same har leiarane i kommunalområda. Planstrategi 2019-2023 viser til planbehov innafor næringsutvikling.

Målet vert prioritert og inngår som fokusområde i revidert samfunnsdel.

9. Industri, innovasjon og infrastruktur



Nasjonale forventningar til planlegging

«Fylkeskommunen og kommunane stimulerer til grøn omstilling, innovasjon, vekst i nye arbeidsplassar og eit inkluderande arbeidsliv og set av tilstrekkelege areal som sikrar behova til samfunnet.

Lokalisering av bustadar, service, handel og andre arbeidsplass- og besøksintensive verksemdar må vurderast i samheng med eksisterande eller framtidige kollektivknutepunkt.

Planane fastset regionalt utbyggingsmønster, senterstruktur og hovudtrekk i transportsystemet.»

FNs berekraftsmål 9: Bygga robust infrastruktur, fremja innovasjon og bidra til inkluderande og berekraftig industrialisering.»

Kommunen sitt ansvar og verkemiddel

Kommunen har ansvar for å leggja til rette for innovative næringar og sikra infrastruktur lokalt som bidreg til å sikra ei berekraftig utvikling. Det er eit stadig aukande behov for tilgang til og tilrettelegging for digitalisering- og kommunikasjonsteknologi.

Vurdering

Innovative næringar og god infrastruktur er viktig for utvikling av eit berekraftig samfunn. Digitalisering er eit satsingsfelt i kommunen. Time arbeider kontinuerleg med å stimulera til ei samfunnsutvikling som stimulerer til innovasjon, grøn omstilling og nye arbeidsplassar. Berekraftmålet vert dekkja av *anstendig arbeid og økonomisk vekst og berekraftige byar og samfunn*.

Målet vert ikkje prioritert som eige fokusområde.

10. Mindre ulikskap i og mellom land



Nasjonale forventningar til planlegging

«Kommunane tek bustadsosiale omsyn i areal – og samfunnsplanlegginga gjennom krav til bustadstorleik og nærrområde, og ved å regulera nok bustadtomter»

Kommunane legg til rette for leige-til-eige-løysingar for vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Kommunane planlegg for eit tilbod av tilrettelagde bustadar for eldre og personar med nedsett funksjonsevne.

Kommunane planlegg aktivt for å motverka og førebyggja

levetår utfordringar og medverkar til utjamning av sosiale forskjellar.»

FNs berekraftsmål 10: «Redusera ulikskap i og mellom land»

Kommunen sitt ansvar og verkemiddel

Kommunen har moglegheit gjennom ulike kommunale støtteordningar å hjelpa vanskelegstilte menneske og familiar inn på bustad- og arbeidsmarknaden. Kommunen kan planlegga for varierte bustadområde som sikrar likeverdige oppvekstvilkår.

Utdanningsarena som barnehage, skule og universitet/høgskule, er viktige faktorar som bidreg til utjamning av sosiale forskjellar i befolkninga. Barnehage og grunnskule danner grunnlaget for å lukkast i utdanningsløpet og er dermed ein viktig ressurs for helse og livskvalitet.

Vurdering

Inntektsforskjellar er eit av fem prioriterte område når det gjeld folkehelsearbeid i kommunen. Sjølv om kommunen har færre unge i lågintekstfamiliar enn snittet i Rogaland og landet, så følger kommunen trendutviklinga både nasjonalt og regionalt.

Planstrategi 2019-2023 viser til planbehov knytt til å redusera ulikskap. I Time er tiltak knytt for å førebygga barnefattigdom ein del av strategiplan oppvekst. Dette berekraftmålet vert dekt av *god helse og livskvalitet, god utdanning og anstendig arbeid for alle*.

Målet vert ikkje prioritert som eige fokusområde.

11. Berekraftige byar og lokalsamfunn



«Kommunane legg vekt på å ivareta byrom og blågrøn infrastruktur med stiar og turvegar som sikrar naturverdiane, omsyn til overvatn og legg til rette for fysisk aktivitet og naturopplevingar for alle.

Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for høg arealutnytting i byområde gjennom fortetting og transformasjon med kvalitet i omgjevnadane, med vekt på arkitektur, byrom, kulturmiljø, grøntstruktur og andre miljøverdier.

Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for sykling og gange i byar og tettstadar, mellom anna gjennom trygge skulevegar, ved å planleggja for gange og

sykling frå kollektivknutepunkt og ut til friluftsområde og transportløysingar for grupper som er mindre mobile.

Kommunane legg universell utforming til grunn i planlegging av omgjevnadar og ivaretek folkehelsomsyn i planlegging. Kommunane har ei aktiv og heilskapleg tilnærming til utvikling av aldersvennlege kommunar.»

FNs berekraftmål 11: «Gjera byar og samfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige»

Kommunen sitt ansvar og verkemiddel

Tilgang til inkluderande, trygge og robuste nærmiljø legg grunnlaget for gode kvardagsliv, enten du bur i byen eller i ein av tettstadane. Skal noko vera berekraftig, må ein ofte ta omsyn til alle tre berekraftdimensjonane: klima og miljø, økonomi og sosiale forhold. Den miljømessige dimensjonen dreiar seg om å sikra omsynet til miljøet, satsa på innovasjon og ny teknologi. Den økonomiske dimensjonen dreiar seg om å skapa økonomisk livsgrunnlag i eit langsiktig perspektiv. Den sosiale dimensjonen handlar om byar og tettstadar som er prega av tillit, tryggleik, tilhørighet og tilgang til gode som arbeid, utdanning og gode nærmiljø.

Vurdering

Dette berekraftmålet kan kommunen påverka og Plan- og bygningslova er eit viktig verktøy i arbeidet.

Time får framover ein større del eldre innbyggjarar. Dersom kommunen skal nå målet om at eldre skal klara seg sjølv så lenge som mogleg, treng me nærmiljø som legg til rette for aktivitet og deltaking. Gode nærmiljø der det er lagt til rette for aktivitetsmangfald og barn og unge har trygge skulevegar er to av fem prioriterte folkehelseområde i kommune sin folkehelseprofil. Planstrategi 2019-2023 viser til fleire planbehov innan by-, tettstad- og samfunnsutvikling som kan knyttast til berekraftmål 11.

Målet vert prioritert og inngår som fokusområde i revidert samfunnsdel.

12. Ansvarleg forbruk og produksjon



Nasjonale forventningar til planlegging

Regjeringa legg vekt på fortetting, transformasjon og gjenbruk av eksisterande bygningsmasse.

Fylkeskommunar og kommunar har ei viktig rolle i arbeidet med å ta vare på kulturarven som ressurs for kunnskap, oppleving, bruk og gjenbruk.

Fylkeskommunal og kommunal planlegging er viktig for å redusera utslepp av klimagassar og energiforbruk. Avgjerder om lokalisering, byggemåte og utforming av bygg, infrastruktur og tenester kan påverka utslepp og energiforbruk i lang tid

framover.»

FNs berekraftsmål 12: «Sikra berekraftig forbruks- og produksjonsmønster»

Kommunen sitt ansvar og verkemiddel

I dag er forbruket høgare enn det som er miljømessig berekraftig. For å møta utfordringane framtida har å by på, og sikra gode levekår for nåverande og framtidige generasjonar, må kvar enkelt forbrukar vera budd på å endra livsstil. Berekraftig forbruk og produksjon dreiar seg om å gjera meir med mindre ressursar.

Kommunen kan oppmoda til og praktisera bio- og sirkulærøkonomi i form av for eksempel gjenbruk og bruk av brukte materiale, bygg av tre, nye innovasjonar, reparasjonar i staden for nykjøp, delingsøkonomi og redusert forbruk.

Vurdering

Berekraftig produksjon inneber redusert ressursbruk, miljøødelegging og klimagassutslepp. Dette målet vert dekt gjennom fokus på *berekraftige byar og samfunn og stoppe klimaendringane*».

Målet vert ikkje prioritert som eige fokusområde.

13. Stoppa klimaendringane



Nasjonale forventningar til planlegging

«Fylkeskommunane og kommunane legg vekt på arbeidet med å redusera utslepp av klimagassar, inkludert utslepp frå arealbruksendringar, meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging. Oppdatert kunnskap om forventa klimaendringar og konsekvensar skal brukast i planlegginga.

Fylkeskommunane og kommunane legg vekt på klimatilpassing og samfunnstryggleik i planlegginga, og legg dei høge alternativa frå nasjonale klimaframskrivingar til grunn for arbeidet. Risiko- og sårbarheitsanalysar ligg til grunn

for plan- og byggesaksbehandlinga.»

FNs berekraftmål 13: «Handla umiddelbart for å bekjempe klimaendringane og konsekvensane av dei.»

Kommunen sitt ansvar og verkemiddel

For å nå dei globale klimamåla og hindra dei farlegaste menneskeskapte påverknadane av klimasystemet, må det handlast både globalt, nasjonalt og lokalt. Kommunen har eit ansvar for å sikra at kommunen sine areal, bygg og anlegg er best mogleg rusta for å redusera klimagassutslepp og konsekvensane av klimaendringane.

Kommunen har mange verkemiddel og roller som kan brukast for å redusera klimagassutslepp. Kommunen har rolle som planmyndigheit, tenesteytar, innkjøpar, myndigheitsutøvar, eigedomsutviklar og haldningsskapar. Kva enkelt innbyggjar og forbrukar må vera villig til å endra vanar, og kommunen kan fungera som tilretteleggar. Kommunen skal gjennom planlegging bidra til at samfunnet er budd på og tilpassa klimaendringane. Avgjerder om lokalisering, byggemåte og utføring, infrastruktur og tenester kan påverka utslepp og energiforbruk i lang tid framover.

Vurdering

Kommunen har mange verkemiddel og roller som kan brukast for å redusera klimagassutslepp, fremja miljøvennleg energiomlegging, energieffektivisering og klimatilpassing. Kommuneplanen sin arealdel 2018-2030 har retningslinjer og føresegner knytt til arealdisponering for å redusera konsekvensane av auka nedbør. Norge har slutta seg til Paris-avtalen og Time kommune bør ta sin del av ansvaret for å redusera klimagassutslepp både frå eiga verksemd og frå samfunnet elles. Planstrategi 2019-2023 viser til fleire planbehov innan landbruk, klima, energi og miljø som kan knyttast til berekraftmål 13.

Målet vert prioritert og inngår som fokusområde i revidert samfunnsdel.

14. Livet i havet



Nasjonale forventningar til planlegging

«Fylkeskommunane og kommunane vurderer arealbruken i strandsona langs sjøen og i og langs vassdrag i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv, og tek særlege omsyn til naturmangfald, kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Fylkeskommunane og kommunane set av tilstrekkeleg areal til ønska vekst i oppdretts- og havbruksnæringa gjennom oppdaterte planar, som også sikrar miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Strategiar for utvikling av havbruk utanfor kysten inngår i planane.»

FNs berekraftmål 14: «Bevara og bruka hav- og marineressursar på ein berekraftig måte»

Kommunen sitt ansvar og verkemiddel

Kommunen har som planmyndigheit, eit ansvar for å driva ansvarleg arealforvaltning i strandsona og å hindra forureining av hav og vassdrag frå landbasert verksemd.

Vurdering

Vassdraga i Time kommune er viktige naturområde, og dei inkluderer fleire verna vassdrag. Klimaendringar vil påverka desse vassdraga betydelig i framtida. Kommunen vurderer at vasskvaliteten i vassdraga i stor grad er knytt til aktiviteten på land, og arbeidet med vassdraga vil verta ivareteke av berekraftmålet *livet på land*.

Målet vert ikkje prioritert som eige fokusområde.

15. Livet på land



Nasjonale forventningar til planlegging

«Fylkeskommunane og kommunane identifiserer og tek omsyn til viktig naturmangfald, friluftsområde, overordna grønstruktur, kulturhistoriske verdiar, kulturmiljø og landskap i planlegginga.

Fylkeskommunane og kommunane sikrar viktige jordbruksområde og kulturlandskap i landbruket gjennom langsiktige utbyggingsgrenser.

Utbyggingsløyser som kan redusera nedbygging av dyrka mark, skal vurderast i samsvar med det nasjonale jordvernmålet.

Fylkeskommunane og kommunane legg

til rette for gode leveområde for ville, pollinerande insekt gjennom planlegginga og drift av areal.»

FNs berekraftmål nr 15: «Verna, gjenoppretta og fremja berekraftig bruk av økosystem, sikra berekraftig skogforvaltning, kjempa mot ørkenspreiing, stansa og reversera landforringing samt stansa tap av artsmangfald.»

Kommunen sitt ansvar og verkemiddel

Kommunen har eit ansvar som plan- og landbruksmyndigheit for å sikra berekraftig forvaltning av areal, artar og økosystem. Dette er viktig for å redusera tap av naturlege habitat og biologisk mangfald. Kommunen forvalter tilskotsordningar i landbruket som stimulerer til miljøtiltak. For eksempel for å ivareta kulturlandskapet, betra jordstrukturen, minka avrenning til vassdrag og redusera bruk av plantevernemiddel.

Vurdering

Dette berekraftmålet dreier seg om å redusera tap av naturlege habitat og biologisk mangfald. Det er ei stor utfordring at det biologiske mangfaldet i verda vert redusert. Av artane som er trua i Norge, er 87 % trua på grunn av ulike typer arealendringar. Time kommune har eit ansvar for å sikra berekraftig forvaltning av areal, artar og økosystem. Gode rutinar, tilstrekkeleg kunnskap og klare prioriteringar innan arealplanlegging er viktig. Å sikra tilstrekkeleg areal til nærnaturterreng er ei prioritert folkehelseutfordring i kommunen. Planstrategi 2019-2023 viser til fleire planbehov innan landbruk, klima, energi og miljø som kan knyttast til berekraftmål 15.

Målet vert prioritert og inngår som fokusområde i revidert samfunnsdel.

16. Fred og rettferd



Nasjonale forventningar til planlegging

«Fylkeskommunane og kommunane stimulerer til grøn omstilling, innovasjon, vekst i nye arbeidsplassar og eit inkluderande arbeidsliv og set av tilstrekkeleg areal som sikrar behova til samfunnet.

Vegen til å delta i utdanning og arbeidsliv går svært ofte gjennom felles aktivitetar i lokalmiljøet. Brei deltaking er eit middel for å sikra tillit, fellesskap, beredskap, likestilling, kompetanse og velferd i lokalsamfunnet. Det er viktig at kommunane legg til rette for dette.»

FNs berekraftsmål 16: Fremja fredelege og inkluderande samfunn med sikte på berekraftig utvikling, sørgja for tilgang til rettsvern for alle og bygga velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå.»

Kommunen sitt ansvar og verkemiddel

Kommunen har ansvar for å bygga ein open, velfungerande, ansvarleg og inkluderande organisasjon. Verkemiddel kan vera samarbeidsavtalar, samarbeidsarenaer og partnerskap.


Innbyggjarane har god moglegheit til å påverka avgjerder om utviklinga av Time kommune i form av utarbeiding av planar og i politiske saker. Kommunen har også ansvar for at innbyggjarane kjenner seg trygge, blant anna ved kriminalitetsførebygging.

Vurdering

På lokalt nivå dreiar målet om fred og rettferd seg om å skapa fredelege og inkluderande samfunn, mellom anna gjennom å verna grunnleggjande fridom, openheit og allmenn tilgang til informasjon. Fleire av berekraftmåla overlapper eller heng tett saman, og dette målet vert dekt gjennom fokus på *god helse og livskvalitet, god utdanning, berekraftige byar og samfunn og samarbeid for å nå måla*.

Målet vert ikkje prioritert som eige fokusområde.

17. Samarbeid for å nå måla



Nasjonale forventningar til planlegging

«By- og omlandskommunar, saman med fylkeskommunen, vidareutviklar samarbeidet om transport på tvers av administrative grenser der det medverker til effektiv ressursbruk, næringsutvikling, busetjing og sosial berekraft i ulike deler av fylket.

Kommunane har ei leiande rolle i utviklinga av sentrum og legg vekt på eit langsiktig og forpliktande samarbeid med private aktørar og innbyggjarar.»

FNs berekraftmål 17: «Styrka gjennomføringsmidla og fornya globale partnerskap for berekraftig utvikling.»

Kommunen sitt ansvar og verkemiddel

For å skapa eit godt og inkluderande samfunn er det viktig at kommunen har eit godt samarbeid innad i organisasjonen, ut mot næringslivet og frivillige organisasjonar, mot overordna myndigheiter og mot innbyggjarane.

Time kommune trur at samskaping mellom innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar vil styrka kvalitet og nytenking i utviklingsarbeid og i møte med den enkelte innbyggjar. Planstrategi 2019-2023 viser til den nye kommunemodellen, som ofte vert kalla »Kommune 3.0«, og som bygg på følgande verdigrunnlag:

- Kommunen er eit lokalsamfunn
- Innbyggjarane er ressurssterke og aktive samfunnsborgarar
- Kommunen si oppgåve er å mobilisera lokalsamfunnet

Målet med «Kommune3.0» er at kommunen går frå å utvikla løysingar og tenester for nokon til å utvikla løysingar og tenester saman med nokon.

Vurdering

For å lukkast med berekraftmåla er det nødvendig med nye og sterke partnerskap. Myndigheiter, næringslivet og sivilsamfunnet må samarbeida for å oppnå ei berekraftig utvikling. Det viktigaste partnarskapet er med innbyggjarane.

Fleire av berekraftmåla overlapper eller heng saman, og målet om samarbeid for å nå måla fungerer som ein overbygning over alle berekraftmåla.

Målet vert prioritert og inngår som fokusområde i revidert samfunnsdel.

Oppsummering

Fleire av berekraftmåla overlapper kvarandre eller heng tett saman. Sjølv om nokre berekraftmål er prioriterte framfor andre, betyr ikkje dette at kommunen ikkje skal arbeida med dei andre måla. Dei prioriterte berekraftmåla skal gjevast særleg merksemd og inngå i satsingsområda i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Berekraftmåla vil utgjera ramma for den kommunale planlegginga i kommuneplanperioden 2022-2034.

Følgande berekraftmål vert prioritert:

